

8. - 9. februar 2018

# GRØN FJORD KONFERANSEN 2018

Bli med på ein «Sporlaus ferdsel» inn verdsarvfjordane  
- Noregs framtidige, **GRØNE FYRTÅRN?**



Vi startar konferansen og reisa i vakre Ålesund og siglar inn den majestetiske Geirangerfjorden med MS Vision of the fjords og sjekkar inn på den heilårsope hjørnesteinsbedrifta Hotel Union Geiranger

Foto: sverrehjornevik.com/Flåm AS

Vi skal utvikle verdsarvfjordane til GRØNE FYRTÅRN i norsk forvaltning. Kan vi snu blåroyk, eksos, trafikkaos og fråflytting – til grønne, reine og idylliske fjordsamfunn i vekst? Har vi gode nok verkty for å nå visjonen om «sporlaus ferdsel»? Er næringslivet klar for den grønne omstillinga?

Grøn  
fjord  
2020

” Norske verdsarvområde skal utviklast som fyrstårn  
for den beste natur- og kulturminneforvaltninga ”  
(St.meld. 35, 2012-2013, og St.meld. 19, 2016-2017)

Konferansier:

Hans Erik Ringkjøb, ordfører i Voss kommune og nestleiar i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap

dag

1

09:00

## Registrering

Innsjekk båt: MS «Vision of the Fjords»

10:00

## Avreise båt: Ålesund

«Vision of the Fjords» - ein hybridbåt bygd av verftet Brødrene Aa i Sogn og Fjordane – har vunnet fleire nasjonale og internasjonale prisar for innovasjon og design. Mellom anna vart båten frå reiarlaget The Fjords kåra til «Ship of the year» på verdas største skipsfartsmesse i Hamburg i 2016. Det heilelektriske søsterskipet «Future of the fjords» er under oppsegling og skal vere klar i april 2018. The Fjords driv kommersielle ferje- og sight seeingbåtruter på Geirangerfjorden, Nærøyfjorden og Lysefjorden.

The Fjords ønskjer å nytte Grøn fjord Konferansen 2018 til å teste ut deira farty i eit nytt konferanseprodukt vinterstid på verdsarvfjordane. Aldri før har ein passasjerbåt av ein slik størrelse sigla inn Geirangerfjorden, på ein slik miljøvennleg måte – elektrisk (hybrid), lydlaust, historisk og tilnærma sporlaust! Denne pilot – turen vil du ikkje gå glipp av!

10:00 - 11:30

Fagleg program under seilas:

## GRØN FJORD KONFERANSEN 2018: OPNING

### Velkommen til Møre og Romsdal

Fylkesordfører Jon Aasen

### Opningsinnlegg frå Klima- og miljødepartementet (KLD)

Statssekretær Lars Andreas Lunde

### Presentasjon av «Vision of the Fjords», «Future of the fjords» og selskapet sine framtidsvyer på verdsarvfjordane

Dagleg leiar Rolf Sandvik

### Intro til paneldrøfting

Leiar av Verdsarvrådet (VAR) for Vestnorsk fjordlandskap, Arne Sandnes

## PANELDRØFTING

### Fjordane som framtidige GRØNE FYRTÅRN og «NON-SMOKING» soner?

1. Korleis kan vi bruke dei unike verdsarvfjordane som utstillings vindaug for grøn teknologi og ei berekraftig nærings- og samfunnsutvikling? Korleis kjem vi dit på «frivillig» vis?

2. Kan strengare regulering faktisk gjere verdsarvfjordane meir attraktive og eksklusive som reisemål? Kan slik politikk gi god «business» og lokal verdiskaping? (Eks; innføring av låg- og nullut sleppssoner)

World Heritage Fjords as future no-smoking zone?



**«Mini appellar/innlegg»**

frå delar av panelet knytt til spm 1 - 2: (3 min kvar)

- **Frå ein ordførar sin ståstad**
- **Frå reiselivet sin ståstad**
- **Frå ein miljøvernar sin ståstad**
- **Frå den maritime næringa sin ståstad**
- **Frå ein forskar sin ståstad**

**Panelet: Statssekretær KLD, Bellona, Fylkesordførar, Ordførarar, Maritimt Forum Nordvest, NHO Reiseliv, Vestlandsforskning, Fiskerstrand Verft, hamnesjef Stranda Hamnevesen**

Samtalar mellom paneldeltakarane og publikum, og konferansier utfordrar ALLE

**11:30 – 12:00 Hellesylt Hydrogen Hub**

Kan lokale kraftprodusentar levere lokalt drivstoff til kommersielle ferjer-, bussar og fram tidige cruiseskip? Når er marknaden og teknologien moden?

**Kristian E. Vik, generalsekretær Norsk Hydrogenforum**

**12:00 – 12:45 Kommersielle ferjekonsesjonar og båtruter i verdsarvområdet**

Korleis forvaltar vi kommersielle ferjekonsesjonar og båtruter på verdsarvfjordane? På Geirangerfjorden opererer i dag 2 ferjer og 2 sightseeingbåtar i tillegg til mindre farty under turistsesongen. På Nærøyfjorden konkurrerte på det meste 27 fartøy om å frakte turistar på Nærøyfjorden mellom Flåm og Gudvangen. Basert på erfaringstal stod i snitt 8500 seter tomme på båtane, kvar dag. Ingen miljø- eller operasjonskrav vart stilt. Er dette ei berekraftig fjordforvaltning?

**PRESELANSERING****Utredninga: «Kommersielle ferjekonsesjonar og båtruter i verdsarvområdet Geirangerfjorden med omland»**

**DNV-GL v/Terje Sverud og Lund & Co DA, Stranda kommune**

Vi utfordrar og debatterer:

- Treng vi eit nytt konsesjonssystem for ferjer og båtar på verdsarvfjordane?
- Korleis få til dette utan at aktiviteten i seg sjølv fell bort?
- Korleis sette utredninga sine konklusjonar ut i livet?

Vi utfordrar Fylkeskommunen si forvaltningsrolle på verdsarvfjordane og kommunen sitt mulighetsrom

Spørsmål frå presse og salen

**12:45 – 13:30 OPPLEV verdsarvfjorden Geirangerfjorden på DEKK**

Mogelegheit for presse/media å intervju statssekretær og innleiarar på dekk.

**13:30 Ankomst Geiranger og transport til hotel**

**14:00 -15:00** Ankomst Hotel Union Geiranger

### LUNSJ

**15:00 – 15:15** Velkommen til Geiranger

v/Ordfører i Stranda kommune Jan Ove Tryggestad  
Intro til konferansetema: GRØNE FYRTÅRN? Korleis, kva må til?

**15:15 – 16:00** Grøn forvaltning fjord

### **Korleis redusere miljøutslepp frå skipsfarten (cruiseskip og innanriks skipsfart) i verdsarvfjordane?**

Sjøfartsdirektoratet sitt oppdrag frå Klima- og miljødepartementet; fakta, status og framdrift.

Bjørn E. Pedersen, Sjøfartsdirektoratet

### **Kva kan kommunale hamnevesen gjere gjennom økonomiske insentiv og andre tiltak:**

Premiering av dei mest miljøvennlige cruiseskipa til hamn: Cruisehamnenes felles prosjekt: «Environmental Port Index – EPI».

Johnny Breivik, Havnedirektør, Bergen Havn

**16:00 – 17:00** Grøn teknologi og nye mulighetsrom

### MINIFOREDRAG:

#### **Opne heilårsturisme austover med ny tunell frå Geiranger til Strynefjellet med nullutsleppsløysingar som hydrogendriven anleggsfase, lastebiltransport, buss og annan logistikk til og frå Geiranger?**

Kristian E. Vik, generalsekretær Norsk Hydrogenforum

#### **Lokal verdiskaping frå lokal energi med hydrogen som energibærar til veg- og sjøtransport, fiskeindustri m.m. – erfaringar frå Hydrogen Region Sogn og Fjordane**

Elisabet Kjerstad Bøe, prosjektleiar for hydrogen i Sogn og Fjordane fylkeskommune

#### **Norske Viking Cruises vil bygge verdas første utsleppsfrie cruiseskip. Det nye hydrogenskipet skal bli 230 meter langt, med plass til 900 passasjerar og 500 tilsette**

Nicolai Skogland, Viking Cruises, Port Operations Manager

#### **Fossilfrie maskiner og køyretøy, gode eksempel frå Østfold**

Cecilie Agnalt, Samferdselskomiteen Østfold fylkeskommune og Gabriel Wergeland Krog

**17:00 – 17:30** Det nærmar seg mattid...  
**Kretsløpsproduksjon av grønnsaker i Stordal**  
 Vibeke Evensen, dagleg leiar Lotics AS.

**17:30** **PAUSE & EIN PRAT FØR MATEN**

**19:30 – 24:00** **Grøn festmiddag**  
 Middag, nettverksbygging, den gode, «grøne» praten



Vi ber alle deltakarane om å ta med eit grønt, symbolsk bidrag til «Grøn» festmiddag (kan vere eit sjal, sløyfe, slips, sko, hatt, parykk eller full grøn outfit)



**08:00 – 08:30** Kaffi, te (vi anbefaler utsjekk)

**08:30 - 09:45** Blårøyken & «Fullt» stempelet  
– Myter, fakta og kommunikasjon

**Visuell forureining/blårøyk og «fullt» stempelet – ein trugsel, ei myte? Presse/media sin kommunikasjon om utfordringane i verdsarvfjordane.**

Christine Baglo, Dagsavisen - ein av Noregs mest kjende reisejournalistar

**Er Geiranger og Flåm «fullt»? Kva skjer med omdømmet til verdsarvfjordane? Kva seier marknadskreftene – vel dei bort verdsarvfjordane?**

Kristian Jørgensen, adm.dir. Fjord Norge

**Fakta «ruler» :**

**Scientific Report 2015-17: Long-Term Air Quality Monitoring Program UNESCO World Natural Heritage "Geirangerfjord", Norway: Målingar av luftkvaliteten i Geiranger 2015 – 17.**

Prof. Jörg Löffler, University of Bonn, Germany

**Luftforureining i fjordlandskapet ein trugsel for folkehelsa?**

Marit Låg, seniorforskar Folkehelseinstituttet

**09:45 – 10:30** «Grøn forvaltning på land/veg»  
– behov for nye politiske verkty?

Med tre gode sommarsesongar på rad, er norsk reiselivsnæring optimistiske. Dersom turismen aukar i takt med UNWTO sine prognoser på 4% årleg, og til over 60% fram til 2030, korleis bur vi oss på å møte denne veksten? Turismen og verdsøkonomien endrar seg raskare enn vi klarer å handtere og utfordringane turismen fører med seg er meir komplekse enn tidlegare.

**– Bør vi alle omfamme tanken om at «vern og forvaltning er like viktig som vekst» og førebu oss på å ha gode verkty for å styre framtidig vekst?**

**Treng vi nye politiske verkty for å styre turismen og ferdselen på land inn i ei grønare retning?**

Konferansier innleiar.

Innlegg frå **Pål Rosland sjefsingeniør, Vegdirektoratet, seksjon for Klima og miljø**. Rosland har arbeidd med juridiske spørsmål som utløyser forbod eller avgift for ikkje-ønska atferd sidan 2004.

**Miljøsonepolitikk:** (heimla i Vegtrafikklova)

- Kan dette vere eit verkty for kommunane å styre/regulere masseturisme og ferdsel på land inn/ut av attraktive reisemål/ destinasjonar?

- Storbyane København, Oslo og Bergen har variantar av miljøsoner. «Low Emission Zone» (LEZ) eller «Umwelt Zone» - er utbreitt i EU.

<http://www.urbanaccessregulations.eu/>

**PANEL / DEBATT**

**10:30 – 11:00** Beinstrekk, matbit og UTSJEKK

### PARALELLE SESJONAR

**11:00 – 12:15** Meir info kjem...

**12:15 – 13:15** Lunsj og matprat (ALLE må vere utsjekka)

### FELLES AVSLUTTANDE SESJON

**13:15 – 14:40** Grøn inspirasjon

Werfenweng + Geirangerfjordområdet = sant ?

Vi har på ny invitert Werfenweng – ein liten fjellandsby i Austerrike til Grøn fjord konferansen. Werfenweng har hatt stor suksess med sin heilt unike og frivillige modell for innføring av «sporlaus ferdsel» og ulike miljøtiltak på sitt reisemål. Werfenweng var første gong på besøk i Geiranger under Grøn fjord konferansen i 2014. Den vesle lands byen har motteke fleire miljøprisar og inspirert reisemål verda over med si offansive og heilskaplege miljøtsatsing. Ikkje rart at Werfenweng er eit ynda mål for studieturar og erfaringsutveksling. Vi har invitert Werfenweng til årets konferanse for samtalar om eit nærare samarbeid og for å høyre meir om:

#### **Werfenweng - vegen fram til suksess og nye visjonar for framtida og «SAMO mobility» satsinga**

Ta gjerne ein sniktitt på <http://www.werfenweng.eu/EN/>

**Dr. Peter Brandauer, borgermeister Werfenweng**

#### **Kommunikasjon som rocker – og gir klingande mynt i kassa: Korleis kan vi drive god, «grøn» kommunikasjon framover?**

**Christine Calvert – Tekstdoktor og underviser i digital marknadsføring på Westerdals Oslo ACT.**

**14:40 – 14:45** Oppsummering Grøn Fjord Konferansen



# Ankomst

8.  
februar

## ÅLESUND AIRPORT VIGRA



08:35 SK 1314 avgang kl. 07:40 frå Oslo  
08:45 DY 402 avgang kl. 07:45 frå Oslo  
08:25 SK 4144 avgang kl. 07:40 frå Bergen

*Frå Trondheim (via Oslo eller reise dagen før)*

Ca. 09:00 Felles busstransport frå Vigra til kai i Ålesund



10:00 - 13:30 Avreise båt «Vision of the fjords»: Ålesund – Geiranger

## FRÅ GEIRANGER



06:45 Bussavgang Geiranger - Ålesund. Ankomst ca. 09:20.

*For deltakarar frå Indre som vil få med seg båtreisa og starten på konferansen.*

# Avreise

9.  
februar

## FRÅ GEIRANGER



14:45 - 14:55 Busstransport til kaia



15:00- 18:00 Avreise båt «Vision of the fjords»: Geiranger – Ålesund  
**Alt. buss/biltransport for dei som må rekke SK 1323/WF 459**  
Ankomst kai Ålesund kl. 18:00

18:00 Felles transport frå kai - Ålesund Airport Vigra

## ÅLESUND AIRPORT VIGRA

Vi anbefaler flynummer DY 417



18:30 SK 1323 ankomst kl. 19:25 til Oslo *Må reise med buss/bil*  
19:20 DY 417 ankomst kl. 20:15 til Oslo *Kan reise med båt*  
18:45 WF 459 ankomst kl. 19:35 til Bergen *Må reise med buss/bil*

*Trondheim (via Oslo)*